

FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN  
Postboks 41 SEntrum  
0101 OSLO

---

|                  |                         |
|------------------|-------------------------|
| Dato             | 18.12.2023              |
| Vår referanse    | 2022/381-42             |
| Dykkar referanse |                         |
| Sakshandsamar    | Roald Breistein         |
| E-post           | Roald.Breistein@vlfk.no |
| Telefon          | 97505152                |

## Høyrings svar for tilråding for god skikk og praksis i kontrollutvalssekretariata for risiko og vesentlegvurdering mv.

Vi beklagar at vi ikkje har send vårt svar innan den fastsette fristen, grunna sjukdom.

Sidan vi er medlem i FKT, men ikkje i NKRF, sender vi vårt høyrings svar til FKT.

Reint prinsipielt meiner vi at det er nok spesielt at NKRF skal vera med på å påverke korleis kontrollutvala og sekretariata skal gjennomføre sitt kontrollarbeid. Når det er sagt meiner vi likevel at den føreslegne tilrådinga er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Tilrådinga inneheld ulike gode måtar å gjennomføre arbeidet med «Risiko og vesentlegvurdering (ROV), plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Vi meiner tilrådingane i hovudsak på ein god måte skildrar dei ulike måtane å gjennomføre eit slikt arbeid. Vi har likevel nokre kommentarar til hovudpunkt 2.3 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll:

### Punkt 38:

Vi meiner at revisor også her kan få i oppgåve å lage forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll basert på gjennomført ROV og prosessmøte 2. Uansett skal forslaget behandlast av kontrollutvalet som også vedtek endeleg innstilling til fylkestinget/kommunestyret.

### Punkt 40:

Vi meiner det er prinsipielt feil at kommunedirektøren skal få gje uttale til kontrollutvalet si sak om planarbeidet. Dersom ROV er gjennomført på ein god måte skal kommunedirektøren ha fått høve til å komme med sine innspel på risikoar på lik linje med politisk leiing og andre som har vore involvert i prosessen. Det er ikkje sikkert at alle andre er samde i kommunedirektøren si vurdering av kor risikoane er størst. Ved at han får høve til å uttale seg til forslag til planane, før behandling i kontrollutvalet, vil han også få høve til ekstra påverknad på kva område kontrollutvalet skal gjennomføre forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll på. Det er pr. definisjon kommunedirektøren som vert kontrollert av kontrollutvalet og då vert det litt rart at han skal få høve til komme med eventuelle innspel til endring i planane.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*